


DET NORSKE TEATRET

314





Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

Wergelandsveien 3 - Filial: Stortorvet 2 - Tlf. 33 70 70

Brann- og annen skadetrygd

Kombinert trygding - Nyverdetrygding

C15911872 THAU

Returnerast til


DET NORSKE TEATRET

En forfriskende pause

ARKIV

NR: 319.

PRÉMIERE:



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert taperi
Jarlsberg Mineralvann A/s

Samarbeid gjev framgang!

Bli medlem av

**NORSK BONDE- OG
SMÅBRUKARLAG**

OSLO

NOREGS MÅLLAG


vil ha betre vilkår for nynorsk mål.

Meld deg inn!

Hugs målgåva!

Hjelp oss i arbeidet for spåkleg rettferd.

Adr.: Boks 911, Oslo. Postgirokonto: 14230.




Bertolt Brecht.

Har De

tenkt Dem ut etterpå - eller kanskje en hyggestund hjemme? Da vil vi på forhånd gi Dem et godt tipp for en vellykket avslutning på aftenens menu:

Gode norske dessertoster!

**C A M E M B E R T
B R I E
C R E M E C H A T E A U
C H A T E A U B L E U**



FRA

MAARUD GAARD

«DEN KAUKASISKE KRITRINGEN»

av

BERTOLT BRECHT

til norsk ved HARTVIG KIRAN
sceneversjon og regi PETER PALITZSCH
regi-assistentar PÅL SKJØNBERG og
FINN KVALEM

dekorasjonar og kostyme ARNE VALENTIN

draktene er laga på

systova til DNT ved RANDI SKAHJEM

musikk PAUL DESSAU

musikalsk innstudering NIELS JULES NIELSEN

og FINN LUDT

SESONGEN 1961/62



Det lyser opp

i den grå hverdag med pene broderier. De bringer naturens farger inn i hjemmet og blir beundret av alle. Begynn med brodering, en kongelig hobby.

RANDI MANGEN & CO
SPESIALFORRETNING I BRODERIER
Bogstadveien 46 - Telefon 60 50 59

LYTT TIL

Norsk folkemusikk

innspilt på grammofonplater av våre beste spelemenn på forskjellige instrumenter, — samt folketonen i levende tradisjon framført av kjente bygdesangere.

Utgitt på



grammofon-
plater

I samarbeid med Norsk Rikskringkasting

Til salgs hos musikkhandlerne

VERDENS STØRSTE

SPECIAL GUMMIERT

Salg



RIZLA

SIGARETT PAPIR

200 ÅRS ERFARING GARANTERER KVALITETEN
ENESALG FOR NORGE; GUNNAR STENBERG - OSLO

Reaksjon mot realismen

Med Ibsen slo realismen for alvor inn i teatret, — etter all den falske romantikk som florerte like før han, måtte det verke sjokkerande sterkt å få det verkelege livet opp på scenen. Med Ibsen, Tsjekov, Strindberg, Hauptmann, O'Neill nådde den nye dramatikken høgdepunkt som for all tid vil bli stående. Men kvart pendelsving ber motsvinget latent i seg, — frå hundreårsskiftet og utover gjekk det symbolske, det lyriske, det abstrakte, det ekspresjonistiske teater til storm mot realismen, som etter kvart vart full av det alle kunstretningar med kvart fyllest av: klisjear og rutine.

Realismen på scenen har likevel vist seg utruleg seigliva, og blømer no på nytt i den moderne engelske dramatikken, gjerne med motiv frå arbeidarmiljø. Den generelle tendensen i andre kunstarter, og mest i målarkunsten, mot det abstrakte, bort frå det menneskelege, har ikkje hatt verkeleg gjennomslagskraft i dramatikken. Moderne absurdistar med Becket, Adamov og Ionesco i spissen, representerer ein freistnad i abstrakt lei, interessant og kanskje impulsgevande, men vel i det lange løp ei blindgate i dramatikken historie.

I langt høgare grad enn andre kunstarter er teatret avhengig av sitt publikum, ikkje berre enkelte få, men mange. Både kunstnarleg og økonomisk lever teatret på publikum, og storparten av publikum er konservativt, — å vekkje sansen for noko nytt er ein lang og krevjande prosess. Aldri kjem vel heller dramatikken utanom visse elementære krav på realistisk menneskeskildring, om forma elles er stilisert eller abstrakt. Skal ei framsyning fengsle gjennom to-tre timar, må personane på scenen vera av kjøt og blod. Er dei fantasifigurar, må dei ha gjenkjennelege vesentlege menneskelege drag.

Den mest livskraftige reaksjon på scenisk realisme i vår tid er Bert Brecht og alt det han står for, som dramatar og teatermann. Hans verd er ingen blodlaus abstraksjon, detaljane er tvert om talrike og konkrete, men i måten han set dei saman på, sprengjer han realismen og oppnår sceniske effektar av ny og sjokkerande kvalitet. Visse slagord knyter

Framhald side 16.

PETER PALITZSCH

Den framsyninga *De får sjå i kveld*, er stempla *Peter Palitzsch*. Det er no eit av dei store unge instruktørnamn i Europa.

Palitzsch er 42 år (det skal vera sant!), er fødd i Dresden og oppvaksen i Berlin. Han starta som journalist og forfattar. I 1948 sette han seg i samband med Bertolt Brecht; han ville lære om dramaturgi med tanke på å prøve seg som dramatar. Brecht knytte han straks til sitt store arbeids-team som dramaturg og regiassistent. Palitzsch var såleis ved Berliner Ensemble alt frå opninga i 1948. Etter kvart vart han ein av Brechts tre nærmaste medarbeidarar. Etter at Bertolt Brecht fall frå i 1956, var det tanken at teatret hans skulle stengje, men fyrst ville dei føre «Helten på den grønne øya» av Synge fram til premiere. Brecht hadde arbeidt med denne oppsetjinga; no vart det Palitzsch's oppgåve å fullføre. Det vart ein slik suksess at ensemblet rådde seg til å halde fram. Seinare har Palitzsch vore med på å setja i scene nærepå kvar framsyning der. Største suksessen hans vart «Der aufhaltsame Aufstieg des Arturo Ui», som han vann 1. premie med på teaterfestivalen i Paris 1959.

Palitzsch har elles m. a. laga filmversjonen av «Mor Courage», og har hatt hender og hovud fulle med iscenesetjingar i Vest-Tyskland, særleg i München og Ulm. Neste regioppgåve gjeld «Dantons Tod» av Büchner, i Stuttgart. Hans har elles m. a. tilbod frå Bavaria-Film, München, om å laga tre filmar om året for TV. Neste år har han eit stort oppdrag i New York.

Dette er fyrste gongen Peter Palitzsch instruerer i vårt land. For staben ved Det Norske Teatret har det vore ei inspirerende læretid, rik på impulsar.

Det Norske Teatret vil gjerne på denne måten få takke instruktøren, Brecht-spesialisten og mennesket Peter Palitzsch for at han ville koma hit og la oss få nyte godt av sine rike givnader og store kunnskapar.



Peter Palützsch (i midten), med regiassistentane Pål Skjønberg (t.v) og Finn Kvaldem.

Fagleg nytt

frå alle greiner av landbruket får De gjennom tidsskriftet

«**NORSK LANDBRUK**»

Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!

Bilpreseninger - Bagasje grinder

Rodin & Co A.s

SKIPPERGT. 10 — TLF. 410503



**SKOG-
EIEREN**

— det populærfaglege skogbrukstidskriftet

Utgjevar: Norges Skogcierforbund. Red.: Jakob Kringlebotten.



Frå forspelet.



LIM trenger De ofte –

ha **KARKOLIN** for hånden

**Kvalitetslim for
fotos, papp og papir**

Korken er pensel – tørker ikke inn

Alltid ferdig til bruk

Kjøp Norsk for Norsk er kvalitet



OLJE er én ting, men

SKYTTERENS COMBI-OLJE

er smøreoljen også for Deres symaskin
For bilens blanke deler er den
ypperlig som beskyttelse

Silikonholdig, vann- og syrefri

C. N. RODE & KARKO A/S

OSLO – Etablert 1863

BERTOLT BRECHT

Den diktaren vi skal møte her i kveld, er ikkje av dei ein slik utan reservasjonar blir gladare i dess meir ein les av skriftene hans. Men ein blir fascinert av han, og riven med av hans nyskapande originalitet, enda ein ofte blir eggja til motseiingar — ingenting ville forresten ha gledd dialektikaren Brecht meir. Stundom kan ein også bli gripen, ein synest å sjå eit tragisk perspektiv bak den kyniske maska. Og same kva vi måtte meine om hans politiske syn og mange av dei ting han skreiv: Som talentfull og typisk representant for ein viktig epoke i Europas politiske og kulturelle historie har han krav på det største interesse, som diktar og teatermann vil han leve lenge etter at dei fleste av hans samtidige er gløymde.


Hans liv var sjølv eit stykke moderne historie: Fødd i Augsburg i 1898, sanitetssoldat i første verdskrigen, kynisk nihilist og satirisk refsar av det borgarlege samfunnet i 1920-åra, nr. 5 på Hitlers dødsliste ved det mislykka ølstuekuppet i 1923, marxist og kommunistisk trubadur omkring 1930, flyktning frå 1933, einsam og rotlaus emigrantdiktar i Europa og Amerika i 14 år, klaga for uamerikansk verksemd i California i 1947, tilbake til Europa same året, først til Sveits, så til ungdomsbyen Berlin, der han i 1949 skapte sitt eige teaterensemble i austsektoren og balanserte hårfint mellom nåde og unåde i den kommunistiske staten. Ortodoks var han aldri, enda hans teoretiske skrifter kunne vere fylte med politiske frasar. Av lynne og natur var han ein sta individualist til det siste, ein intellektuell kunstnarbohem. Men hans liv og lære var kollektivismen, massens evangelium. Kva han meinte og tenkte inst inne, kan vi berre ane. Liksom han ofte dyrka masketeatret på scenen, slik bar han sjølv ei maske, like til han døydde i august 1956.

Fleire gonger vart han skarpt kritisert av dei tyske kommunistane. Men det såg ut til at han brydde seg lite om det. Han hadde gardert seg: I 1950 skaffa han seg austerrisk statsborgarskap, Stalin-prisen frå 1955 deponerte han i ein sveitsisk bank, skriftene sine gav han ut på eit vesttysk forlag.

Framhald side 27.

Framhald frå side 9.

seg til Brechts teater: «Verfremdungstechnik», «episk teater» etc. Skodespelaren identifiserer seg ikkje med rolla, men står utanfor og presenterer henne. All denne teori tener ofte berre til å forkludre essensen i Brechts teater. Slik Peter Palitzsch fortel om sitt mangeårige samarbeid med Brecht, får ein eit sterkt inntrykk av at han sjølv var alt anna enn prinsipp-ryttar. Både teksten i hans eigne skodespel og den sceniske tolking vart til gjennom eit slags kollektivt laboratoriearbeid, gjennom eksperimentering i alle retningar: avsnitt vart skrivne om medan prøvene gjekk på, ofte etter impulsar frå andre enn han sjølv, ferdig innøvde scenar vart kasta om og innøvde på nytt. Prøvetid var det nok av, opptil eit år og meir. Ein slik framgangsmåte ville i vårt vesle miljø vera praktisk ugjennomførleg. Vi har likevel denne gongen eit stykke på veg gjeve instruktøren tid til å innarbeide ein for oss ukjend spelstil, i pakt med den stil som har gjeve Berliner Ensemble den høge posisjon teatret har hatt i åra etter krigen. Peter Palitzsch stod sentralt i dette nyskappingsarbeidet ved sonegrensa i Berlin, som instruktør og som medredaktør av dei store Brechtverk Dresdener Verlag har gjeve ut. Regi-gjestespelet er etter vårt syn ein verdifull inspirasjon og ein impuls utanfrå til vårt teatermiljø, som kanskje enno heng vel fast i realistisk tradisjon.



Walter Jacobsen A.s
MODELLKONFERANSJON

Ø. Slottsgt. 27. Tlf. 33 13 68

Forretningen med det gode utvalg
i kåper, kjoler og drakter.

Om stykket og iscenesetjinga

Brecht skreiv «Den kaukasiske kritringen» («Der kaukasische Kreidekreis») i 1944 i Sambandsstatane, dit han hadde emigrert på flukt frå dei tyske fascistane. Først i 1954, da han hadde vendt tilbake til Europa og slått seg ned i Den tyske demokratiske republikken, fekk han høve til å setja stykket i scene. Brechts «Berliner Ensemble» gjesta med denne framsyninga i mange tyske byar, i Paris, London og Moskva. Stykket har elles vore spela på mange scenar i begge deler av det kløyvde Tyskland, i Krakow, Praha, Lyon og Göteborg (så langt eg kjenner til), og i USA blir det førebudd ei framføring.

Opphav.

Grunnmotivet finn vi i «den salomoniske dommen» i Første Kongebok i Det gamle testamentet. Der heiter det: « . . . Hent meg eit sverd! sa kongen. Då kom dei inn til kongen med eit sverd, og han sa: Hogg det barnet som lever, i to og lat dei to kvinnene få kvar si helvt! Då sa den kvinna som var mor åt det levande barnet, til kongen — for hjarta hennar brann for barnet hennar — ho sa: Høyr på meg, herre. Lat henne der få det barnet som lever, og ta for alt i verda ikkje livet av det! Men den andre sa: Vi skal ikkje ha det anten eg eller du. Hogg de berre til! Då tok kongen til ords og sa: Lat henne der få det levande barnet og drep det ikkje! Ho er mora. Det spurdest over heile Israel korleis kongen hadde dømt . . . »

Alt i den gamle kinesiske legenda «Hoei-lan-ki» blir den sanne mora funnen med hjelp av kritringprøva da det er strid om eit barn, og sidan det 13. hundreåret møter vi same motivet i eit kinesisk teaterstykke som var godt omtykt og mykje spela. Det vart omsett til fransk og engelsk i det førre hundreåret og noko seinare til tysk, og i ymse omarbeidingar — til dømes den av Klabund — blir stykket framleis spela på europeiske scenar.

Tre historier.

Frå den gamle utforminga har Brecht berre henta sjølve måten sanninga blir funnen på, kritringprøva, men sett frå den gamle synsstaden er dommen sett på hovudet. Barnet

Alt i finere metall

R. A. NIELSEN

Finmekanikk

Skogveien 17. — Telefon 44 32 14.

Sy Deres klær hos

RAGNA BIRKELID

Kongens gate 17, Oslo — Telefon 4109 62

Kolonial — Kjøtt — Pølsevarer og grønnsaker

JOHAN BREKKE A/S

Elisenbergveien 19


Tlf. 44 44 60 - 44 36 68 - 44 28 88

Vi bringer

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

ANDVAKE

MØLLERGT. 16 - OSLO



Domaren Azdak.

«DEN KAUKASISK

av BERTOL

Desse er med:

Forteljaren, Arkadi Tscheidse ..	<i>Harald Heide Steen</i>
2. songar	<i>Lasse Kolstad</i>
Songarinnene	{ <i>Aud Schönemann</i>
	{ <i>Åsta Voss</i>

I FORSPELET:

Den sakkunnige

Siri Rom

Bønder frå fruktkolkhoset «Galinsk»:

Gamlingen i bakgrunnen	<i>Edvard Drabløs</i>
Soldaten	<i>Einar Wenes</i>
Traktorkøyraren	<i>Joachim Calmeyer</i>
Agronomen	<i>Liv Ullmann</i>
Guten	<i>Ola B. Johannessen</i>

Hovedrollen

blant brannsikre skap

Pris fra kr. 524,00

14/01-1962

« KRITRINGEN »

BRECHT

Bønder { Elisabeth Bang
John Birkehoel
Veslemøy Haslund
Elsa Lystad
Johan Nordlund
Amund Rydland
Alf Sommer
Asbjørn Toms
Björg Vatle
Kåre Wicklund
Øyvind Øyen

Gjestene, bønder frå geitekolghoset
«Rosa Luxemburg»:

Gamlingen i framgrunnen Lars Tvinde
Bønder { Astrid Sommer
Eva Sletto
Nils Hald
Helge Essmar
Ragnar Olason
Ungguten Tom Tellefsen

.....
JØLI

JØRGEN S. LIEN

OSLO - BERGEN - TRONDHEIM - STAVANGER

• DEN KALKASISKE KRITTRINGEN •

I. AVDELING

Guvernøren	Johan Norlund
Guvernørfrua	Elisabeth Bang
Adjutanten	Finn Kvalem
Fyrst Kazbeki	Alf Sommer
Nevøen	Asbjørn Toms
1. byggmeister	Helge Essmar
2. byggmeister	Amund Rydland
Anama	Siri Rom
Kokka	Dagmar Myhrvold
Stallkaren	Joachim Calmeyer
1. kammerjente	Bjerg Vatle
2. kammerjente	Elsa Lystad
Sulika	Aud Schönemann
Menneskeleg benk	Veslemøy Haslund
Grusje	Liv Ullmann
Simon	Pål Skjønberg
Korporalen	Tom Tellefsen
Treskolten	Kåre Wicklund
1. panserryttar	Øyvind Øyen
2. panserryttar	Ola B. Johannessen
3. panserryttar	Jon Birkehoel
Ein støvut rytta	Einar Wenes
Seremonimeisteren	Lars Tvinde
	Astrid Sommer
	Eva Sletto
Tiggarar og supplikantar	Åsta Voss
	Nils Hald
	Ragnar Olason
Den gamle bonden	Nils Hald
Bonden	Johan Norlund
Bondekona	Dagmar Myhrvold
Handlerska	Eva Sletto
Sonen	Joachim Calmeyer
Lavrenti	Lasse Kolstad
Aniko	Siri Rom
Drengen	Einar Wenes
Michel	E. Moe
Vermora	Astrid Sommer
Jussup	Øyvind Øyen
Munken	Edvard Drabløs

II. AVDELING

Azdak	<i>Hans Stormoen</i>
Schauwa	<i>Joachim Calmeyer</i>
Invaliden	<i>Nils Hald</i>
Lækjaren	<i>Finn Kvaalem</i>
Haltepingen	<i>Helge Essmar</i>
Pengeutpressaren	<i>Ragnar Olason</i>
Verten	<i>Amund Rydland</i>
Ludovika	<i>Veslemøy Haslund</i>
Drengen	<i>Tom Tellefsen</i>
Moder Grusinia	<i>Henny Skjønberg</i>
Røvaren Irakli	<i>Rolf Søder</i>
1. storbonde	<i>Johan Norlund</i>
2. storbonde	<i>Edvard Drabløs</i>
3. storbonde	<i>Nils Hald</i>
1. sakfører	<i>Helge Essmar</i>
2. sakfører	<i>Ragnar Olason</i>
Kallen	<i>Edvard Drabløs</i>
Kjerringa	<i>Dagmar Myhrvold</i>

til norsk ved	HARTVIG KIRAN
sceneversjon og regi	PETER PALITZSCH
regiass.	PÅL SKJØNBERG og
	FINN KVALEM
dekor og kostyme	ARNE VALENTIN
musikk	PAUL DESSAU
musikalsk innstudering	NIELS JULES NIELSEN
	og FINN LUDT
inspisient	ARPAD SZEMES

Vi har den glede å ynskje velkommen som vår gjest

HANS STORMOEN


i rolla som Azdak. Stormoen er ein uvanleg fargerik og fin karakterskodespelar, kjend m. a. frå Den Nationale Scene i heimbyen sin, der han hadde eit gjennombrøt det enno går fråsegn om som Vingrisen i «Vår ære og vår makt». Det var

i Hans Jacob Nilsens tid. I Bergen var han frå 1934 til 1941. Etter krigen var han i 4 år ved Trøndelag Teater. For Riks-teatret arbeidde han både som instruktør, skodespelar og teatermålar i «En handelsreisendes død». Elles har han arbeidt for Rogaland Teater, for Det Nye Teater, der han sette i scene Helge Ingstads «Siste båt», og som omsetjar og instruktør for Norsk Rikskringkasting, der han og har hatt roller i Fjernsynsteatret. Han har elles m. a. sett i scene «Vår ære og vår makt» for Den Nationale Scene, likeins «Nederlaget» til 100-års jubileet ved det same teatret og for Trøndelag Teater. Elles har Stormoen arbeidt mykje med tilrettelegging av Holberg-komediar. Mange vil kanskje særleg hugse han frå Holberg- og Ibsen-roller, ikkje minst for den furore han gjorde som Begriffenfeldt i «Peer Gynt».

Hans Stormoen har stor og uvanleg mangesidig givnad som teatermann: fyrst og fremst er han skodespelar, men like mykje er han instruktør, dekoratør og omsetjar.



Dekor: Arne Walentin.



Frå bryllaupet.

Alle tiders utvalg av vakre gaver til alle anledninger

Savolainen & Co

STORGATEN 4 - OSLO

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING


GJENSIDIGE

Eldste livstrygdelaget i Noreg

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30

ØNSKER DE

en ekstra god og pen kreppestørpe så spør etter



ENEIMPORTØR

Vold-Johansen & Goplen

Akersgaten 59

OSLO

Telefon 33 20 08

Framhald frå side 15.

Og heile tida tok han seg rett til å seie og gjere ting som kommunistar flest ikkje fekk lov til.

Alt i levande live vart han målet for ein omfattande kultus. Og som andre fyrstar heldt han hoff. I Aust-Berlin samla det seg ei rekkje eldre og yngre teaterfolk og litteratar omkring han, og kvart gullkorn frå hans munn vart samvitsfullt ført inn i annalane. Han var den store diktaren, den store teatermannen, den store forkynnaren.

I vestlege land var det derimot mange som ikkje såg noko anna i han enn den fanatiske agitatorene, GPU's trubadur, som han har vore kalla. Men det er liten tvil om at han på sin måte var ein idealistisk humanist. Bak hans kalde ytre form banka eit varmt hjarte, eit hjarte som leid med alle små og hjelpelause i livet, alle dei som ikkje har makt og evne til å hevde seg i striden om livsens solside. Om han etter sitt program ville vere marxistisk kald og «objektiv», lykkast det han ikkje alltid å stengje ute menneskeleg sympati og varme i stykka sine.

Det er denne Brecht som lever i dei beste verka, i skodespel som «Mor Courage», «Det gode mennesket frå Sezuan», «Den kaukasiske kritringen» og fleire andre. Men hans diktarkraft og -evne er ofte like tydelege i mange av hans kyniske dikt og songar frå 1920-åra, ja til og med i hans mest umenneskelege kommunist-parablar. Mykje tyder på at ikkje minst ungdomslyrikken hans vil få ein framskoten plass når framtidige litteraturgranskarar eingong skal vege dei ulike sidene av hans diktartalent opp mot kvarandre. Dei teoretiske skriftene om teater og dramatik vil det derimot kanskje bli lagt noko mindre vekt på enn i dag. Brecht var overlag glad i teoriar. At han var nyskapande, er det ingen tvil om, men det er like liten tvil om at han gjerne sette ting på spissen. Viktigast var hans store glede ved å eksperimentere systematisk. Heile hans teaterliv var eit einaste langt eksperiment. Og hans praktiske teaterinnsats vil først og fremst leve ved dei resultat han nådde — fleire av dei beste framsyningar europeisk teater har vist etter krigen.

Alt medan Brecht levde, valfarta teaterfolk frå heile verda til Aust-Berlin for å sjå framsyningar av hans Berliner

Framhald side 34.

Velkommen til

Fornebu Flyrestaurant

Fin utsikt over flyplassen - Lett adkomst med Snarøybussen

Vennligst ring telefon 53 65 60

MIDT PÅ KARL JOHAN

BØNDERNES BANK

EGERTORGET - OSLO

Reisevaluta ekspederes raskt og greitt

Sikkerhetsbokser utleies for oppbevaring av verdisaker

En trykksak

som De og Deres forbindelse vil like, får de fra meg.

RAGNAR BRYDE

Aksidens-, Bok- og Rotasjonstrykkeri

Kr. Augustsgt. 19. — Telefon 33 44 33.

S. BRUUN

Niels Juelsgt. 27

Telefon 44 03 84

*Lamper — Skjermer — TV
Elektriske apparater m. m.*

Framhald frå side 17.

blir ikkje tilkjent den eigenlege mora, men den mora som syner ekte morskjærleik. Nettopp det «unaturlege» i denne domsutsegna skal tydeleggjera den nye måten å finne fram til sanninga på, og gjera måten framand. Barnet er på leiting — som det heiter i epilogen — etter gode mødrer, gode køyrekarar, gode vatnarar, alt sviv om det nyttige — for borna, for vognene, for dei som bur i dalen.

For å la kvar einskild tilskodar sjølv forme sin dom, la han setja seg i dommarens stad, måtte førehistoria til den kjende hendinga skildrast objektivt: korleis gjekk det til at den eigenlege mora, guvernørfrua, rømde frå det høgborne barnet, korleis gjekk det til at jenta til Michel tok til seg barnet i sitt eige barns stad, kor mykje kosta det henne? Det måtte vidare skaffast ein dommar som kunne seia rettferdig rett i den «gamle, blodige tida» full av urett. Det måtte vera ein mykje uvanleg dommar, og slik var det naudsynleg å skildre mykje uvanlege tilhøve og hendingar, hell og uhell, og skape om landsbyskrivaren til soldatdommaren Azdak. For at det heile ikkje berre skulle brukast til eit eksotisk, poetisk spel utan konsekvensar, var det endeleg — ved sida av den gamle uvanlege unntakshendinga — naudsynleg å finne fram til noko mykje vanleg frå vår eiga tid, noko som stendig blir praktisert — og er lett å praktisere. Slik vart den eine historia til tre historier. Og naturlegvis kunne arbeidsgangen ha gått omvendt, om han er sannsynleg.

«Verfremdung.»

Striden om dalen gir eit slag psykologisk avstandsverknad til striden om barnet, det vil seia at hendinga blir «verfremdet», for å nytte eit strengt terminologisk uttrykk hos Brecht, eit uttrykk som seinare har gått inn i det internasjonale teatervokabularet. Den første akta «verfremdet» på same måten dei andre fem og omvendt, og dermed blir tilskodaren sterkt slått av det einfelde, sjølvsgde, tilvande i den nye rettsavgjerda som ein kontrast til den gamle tilstanden. Bercht bruker dessutan ei rekkje «Verfremdungs»-effektar i kvar einskild akt og scene, ei rekkje kunstgrep og realistiske overdrivingar. Dei konfronterer skodespelaren

Framhald side 33.

KJØLESKAP
VASKEMASKINER
KOMFYRER
VARMEFJELER
VARMLUFTVIFTER

med lakkfeil

15 – 30 %

prisreduksjon.

Kjente merker. Årets modeller.
Avbetaling. Garanti.

ELBO-KJØKKEN

Maridalsvien 46, tlf. 37 96 75.
Storgaten 35, Lillestrøm.

A. Hillestad
rensing kjemisk renseri & fargereri

Rensing – Farging

Skjorteservice

*Butikker over hele
byen*

SYN OG SEGN • SYN OG SEGN • SYN OG SEGN

Likar De å følgje med?

Få syn for segn les

**DET STØRSTE ALLMENNE
TIDSSKRIFTET I LANDET**

**SYN
OG
SEGN**

OPPLAG I DAG: 12 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 16,00. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret.

DET NORSKE SAMLAGET, Kristian Augusts gate 14, Oslo.
Tlf. 33 11 01. Postgiro 87 02, bankgiro 60 90/659.

SYN OG SEGN • SYN OG SEGN • SYN OG SEGN



Grusje.

NATIONALTHEATRET

«DEN GRØNNE SNIPPKJOLEN»

Lystspill av Robert de Flers og
G. A. Caillavet.

Regi: Per Aabel.

I hovedrollene:

Aase Bye og Per Aabel.

Premiere: Medio januar.

«ERIK XIV»

Skuespill av August Strindberg.

Regi: Knut Hergel.

I tittelrollen: Lars Nordrum.

Premiere: Medio februar.

«MANNEN FRA I GÅR»

Skuespill av Helge Hagerup.

Regi: Knut Thomassen.

I hovedrollene:

Lillebil Ibsen og Ola Isene.

Urpremiere: Ultimo februar.

Hver dag kl. 17:

«REISEN TIL JULESTJERNEN»

Barnekomedie av Sverre Brandt.

Regi: Jørn Ording.

DEN NORSKE OPERA

Programmet våren 1962:

BALLETТАFTEN

«The Still Point.»

Pas de deux fra «Giselle».

«Medea.»

Suite fra «Tornerose».

Musikalsk ledelse: Istvan Pajor.

18. og 25. januar, 1., 8., 15. og
22. februar, 1. mars.

«DON JUAN»

Opera av

Wolfgang Amadeus Mozart.

Regi: Josef Witt.

Musikalsk ledelse:

Arvid Fladmoe.

2.—14. februar.

«CAVALLERIA RUSTICANA»

Opera av Pietro Mascagni.

Musikalsk ledelse: Istvan Pajor.

«AMELIA VIL PÅ BALL»

Opera av Gian-Carlo Menotti.

Regi: Bengt Peterson.

Musikalsk ledelse:

Arvid Fladmoe.

Regi: Bengt Peterson.

26. februar—10. mars.

«OTHELLO»

Opera av Giuseppe Verdi.

Regi: Josef Witt.

Musikalsk ledelse:

Odd Grüner-Hegge.

19.—31. mars.

OSLO NYE TEATER

Fra slutten av januar:

«OSCAR»

Farse av Claude Magnier.

Regi: Jon Lennart Mjøen.

BARNETEATRET

i Folketeaterbygningen:

«HANS OG GRETE»

Regi og koreografi: Guri Ludt.

DUKKETEATRET

i Rosenkrantzgaten:

«TRYLLEKVISTEN»

Regi: Per Bronken.

Framhald frå side 29.

med uvanleg rike og mangfaldige hjelperåder i framstillinga, tilskodaren med uvanleg rike og mangfaldige måtar å sannkjenne og nyte på. Døme:

2. akt skjer samstundes med 1. og 2. scene i 5. akt, og 3. og 4. akt skjer samstundes med 3. og 6. scene i 5. akt, slik at dei to handlingstrådane — historia om barnet og historia om dommaren — først blir førte saman i 6. og siste akt.

Den levande framstillinga av hendingar som «eigenleg ikkje kan framstellast» på scenen, ei flukt (3. akt) og ei inspeksjonsreise (3. til 5. scene i 5. akt), altså to fotturar som berre blir markerte ved kvilestadene — i røynda kortvarige opphald.

Samantrenginga av eit langt tidsrom til få minutt (siste scene i 2. akt og 2. scene i 4. akt).

Dei ulike måtane å bruke pantomime på: Kyrkjegang — bortføringa av guvernøren — i pakkescenen — Grusje som stanar hos Michel — dei ulike stadium i Grusjes flukt — marsjen til dei to forfølgjarane — brua i høg fjellet, for berre å halde seg til dei første aktene.

Fråsegna frå forteljaren, altså songargruppa, som skal føre spenninga over frå «kva skjer?» til «korleis skjer det?».

Musikk og song.

Paul Dessaus musikk vil ein ha større glede av når ein hugsar på at han er eit middel til å arbeide ut på ein vakker og plastisk måte den meining og gestus som ligg i språket. Det set visseleg trongare grenser for sjølvstendig musikk-tolking når musikken skal vera så bunden til eit visst formål, men særmerket og eigenverdien blir ikkje mindre.

Musikk og song skal tydeleg stige ut av handlinga og gje henne perspektiv og djupn (Brecht: «Systerkunsten stig opp på scenen.»). I «Den kaukasiske kritringen» har desse innslaga ulike funksjonar:

Dei fortel fabelen episk, men ikkje utan å ta parti, når dei liksom tek over fabelen frå scenen ved brennpunkta og gjev han att etterpå.

Dei kommenterer handlinga og leier auga til publikum.

Framhald side 35.

Framhald frå side 27.

Ensemble, som frå 1954 heldt til i Theater am Schiffbauerdamm, der han i 1928 hadde hatt urpremiere på «Tolvskillingsoperaen», den største suksessen i europeisk mellomkrigsteater. Og denne interessa tapte seg ikkje da han sjølv gjekk bort, ho har tvert imot vorte større etter kvart. Ikkje eingong den nye muren gjennom Berlin har greidd å feie han bort frå teaterscenane i Vest-Tyskland, og han når lenger og lenger ut i verda elles. Ingen annan teatermann har vore så mykje diskutert det siste tiåret som Bertolt Brecht, og det er skrive meir om han enn nokon av hans samtidige i teaterverda.

Her hos oss tok det tid før han slo igjennom for alvor. Ungdomsverket «Tolvskillingsoperaen» har vore spela tre-fire gonger — med skiftande hell —, Det Norske Teatret spela «Mor Courage» i 1955 (seinare også spela av Rogaland Teater), Nationaltheatret førte fram «Det gode mennesket frå Sezuan» i 1958, og i fjor spela Den Nationale Scene både «Galileo Galilei» og «Mor Courage». Men først no får eit av Brechts skodespel ei norsk framføring heilt etter hans eigne intensjonar og i samsvar med hans særmerkte teatersyn.

JOHS. AANDERAA

SE

mitt store utvalg av

møbler og møbelstoffer

EINAR RODIN

Tapetser- og møbelforretning

BOGSTADVEIEN 12, OSLO — TELEFON 46 46 46

*Kle Dem lett og ledig — gå inn for blazer
Vi har også utvalget i slacks og benklær
for herrer og gutter*

IRIS SLIPSMAGASIN A/S

Markveien 54.

Framhald frå side 33.

Dei gjev att kjensler og tankar som til dømes Grusje enno ikkje kan formulere for di ho sosialt er for umyndig å rekne.

Musikken forsterkar gledelege og alvorlege hendingar (i staden for naturalistiske klangar og lydar).

Iscenesetjinga.

Iscenesetjinga har prøvd å få fram det særmerkte i stykket, samstundes som alle dei ulike kunstnarlege og framstillingstekniske hjelpemiddel er utbygde og heilt ut underordna utviklinga av fabelen. Stilbrot er ikkje gøynde bort, dei er i staden understreka slik at dei avslører sosiale samanhengar; Brecht likte på ingen måte å lulle tilskodarane inn, det var det levande mangfaldet i teatret han la vekt på, motseiingane — tilskodarane skulle provoserast til klart å ta stilling for eller imot.

Røynslene frå den modell-iscenesetjinga som Brecht arbeidde ut i 1954 med «Berliner Ensemble» (og som eg var med på), er utnytta noko fritt i denne framsyninga. Eit grunnleggjande avvik er at 2. til 6. akt her er bygde ut frå 1. akt. I så måte er framsyninga ein «motmodell». Ho byggjer fritt vidare på mi iscenesetjing i Ulm i 1960. Når det gjeld scenebilette og kostyme, er det henda impulsar frå Karl von Appens utforming i Berlin og Hansheinrich Palitzsch's utforming i Ulm.

Tidlegare formingar og oppteikningar som Brecht gjorde til «Den kaukasiske krittningen», har vore til nytte under tilskipinga.

PETER PALITZSCH

EASY ^{A/S}

*Den mest moderne delikatesseforretning
med byens største utvalg*

STORTINGSGT. 8 (vis à vis Studenterlunden)

Godt utvalg i dame- og herreskotøy

Valkyrien Skotøymagasin A/S

Valkyrjegt. 3 - Oslo

Telefon 46 34 64

Moderne damer

foretrekker raffinerte klær. Både ung og gammel vil hos oss finne et godt utvalg i

Kjoler - strømper - undertøy etc.

Kle Dem riktig — det er viktig.

HELNOR Ruseløkkvn. 50 (Cort Adlers pl.) Oslo. Tlf. 41 14 06

N O R E G S B O K L A G

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes Hus

Rosenkrantzgt. 8, Oslo — Telefon 33 13 74

Spesialforretning i radio og TV

Vi fører alle anerkjente merker, og vårt store utvalg gjør det lettere å finne apparater som passer.

GOD SERVICE! Rimelig avbetaling inntil 12 måneder.

NORSK TELEVISJON OG RADIO A/S

ARBEIDERRADIO

Youngs gate 11, Oslo - Telefon 42 07 37 *



På spelplanen framover:

«BRENNANDE MØRKE»

av Antonio Buero Vallejo.

«Og ljuset skein i mørkret — men mørkret tok ikkje imot det.» Joh. 1, 5.

Det mørkret Antonio Buero Vallejo skildrar i «Brennande mørke», er det som vandrar i ljuset, men som aldri sjølv slepper ljuset inn: blinda. Det miljø og den stad han har valt, er då og noko nytt og ubrukt i teatret: alle personane hans er blinde, med eitt unnatak *fødd* blinde. Under trykket av det problem som er særmeckt for desse menneska skrid handlinga fram, intens og spanande. Stykket er realistisk i utforming, men samstundes med sterk poetisk klang og med drag av symbolisme og mystisisme.

Tragedien og bodskapen i stykket ligg ikkje i framstillinga av dei blinde, men i det umogelege i deira strev og lengting etter synet. I store drag er «Brennande mørke» eit bilete på den menneskelege natur reint allment. Mennesket trår alltid ut over seg sjølv og dei grenser som omgjev det. Blinda symboliserer mørkret kring menneska, uvissa i dei og otten for det ukjende.

Opprøraren i stykket, Ignacio, er det metafysiske mennesket, som trår etter å sprengje seg veg gjennom muren; han kan ikkje falle til ro med blinda i sitt eige hjarta. Difor er han farleg.

* * *

I 1949 fekk Vallejo den ettertrakta Lope de Vega-prisen for stykket; det var ei storhending på den måten og, at prisen vart gjeven til ein forfattar som hadde sete i fengsel i 6 år for di han hadde vore med i borgarkrigen på republikansk side.

Antonio Buero Vallejo er framleis ein ung mann, fødd i 1916. Han har alt lenge vore rekna for ein nyskapar i spansk etterkrigsdramatikk og den som framom andre har teke arven opp etter Garcia Lorca.

Instruktør er Pål Skjønberg, omsetjar Einar Christensen, og Snorre Tindberg lagar dekorasjonane. I store roller får vi sjå Liv Ullmann, Finn Kvalem, Joachim Calmeyer og elles ei rekkje av dei andre unge skodespelarane på Det Norske Teatret.

Glarence Day:
«FAR OG VI ANDRE»

dramatisert av *Howard Lindsay* og *Russel Crouse*
kjem opp på Det Norske Teatret i vår, dels som ettermiddags-
framsyning for Skoleteatret, dels som vanleg kveldsfram-
syning. Det er ein festleg og vittig amerikanske familie-
komedie, som Gerhard Knoop set i scene. Stykket er omsett
av Einar Christensen.

«HENNES HØYHET MIN KONE»

Det er somt det finst meir av i dette landet enn *lystspel*.
Av *Axel Kielland*, ein av dei kvassaste og mest leseverdige
pennar i norsk presse, dramatikar og teaterkritikar, kunne
ein vente seg ein så sjeldsynt ting som eit godt norsk lystspel
er, både for di han skriv betre enn dei fleste («fører ein
proper neve,» som det heiter i stykket), og for di han har eit
vake og vaksamt auga for det dramatiske, det komiske og
det menneskeleg tragiske i aktuelle situasjonar og hendingar.

«HENNES HØYHET min kone» er på trappene, saman
med heile haleslenget av bornert hoff-snobbeskap med ned-
ervde former og fordomar, stivna til nokså snurrig meinings-
løyse gjennom hundreår.

Sjeldan skimtar vi vel sjølve *menneska* attom den maska
dei blir tilplikta å bera, dei som er fødde utanfor vårt eigen-
lege moderne samfunn, oppseda i ein livsstil, ei verd der
anakronistiske former altfor lett kan koma til å leggje sitt
isteppe over menneske som trass alt ikkje er det minste ann-
leis og meir merkverdige i botn og grunn enn menneske flest
— og som kanskje inst inne heller ikkje ynskjer å vera
annleis.

Axel Kielland har m. a. sett — og teikna — det komiske
og groteske i dette steingjengne anakronistiske hofftyranniet.

«HENNES HØYHET min kone» har Oslo-premiere i
april. Barthold Halle er instruktør og Ivar Eskeland omsetjar.

JOHANSEN & NIELSEN

BOKTRYKKERI

Pilestredet 45. b, Oslo
Sentralbord 60 1795

Alltjenest Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller - Faste oppdrag mottaes

Eugenie Støttums Blomsterforretning

Karl Johans gate 8 — Telefon 42 24 22

Medlem av Norsk Blomstertelegraf


Alt i Dekorasjoner, Buketter og Kranser

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn.

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108,000 medlemmer.



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgt. 8

Kaffistovene

Rosenkrantzgt. 8 — Stortorget 8

Kr. Augustsgt. 14 — Storgt. 28

OSLO

